

## Referat frå årsmøtet i Vestnes sogelag, mars 2024

Dato: 21.03.24, kl. 19.00.

Stad: Vestnes bibliotek.

Frammøte: Om lag 30 personar.

### Sak 1. Konstituering av årsmøtet

- a) Godkjenning av innkalling og sakliste. Begge vart godkjente utan merknader.
- b) Val av møteleiar. Morten Øveraas vart valt til møteleiar.

### Sak 2. Årsmelding for 2024 frå styret

Årsmeldinga frå styret blei lest opp av Morten Øveraas. Årsmeldinga vart godkjent utan merkander.

### Sak 3. Årsmelding for 2024 frå skriftstyret

Årsmeldinga frå skriftstyret blei lest opp av Morten Øveraas, på vegne av skriftstyret. Dei frammøtte godkjente årsmeldinga utan merknader.

### Sak 4. Rekneskap 2023 / budsjett 2024

Rekneskapen for 2023 blei lest opp av Morten Øveraas på vegne av økonomiansvarleg John Øveraas. Rekneskapen viste eit overskot på kr. 34 853. Mykje av overskotet skuldast trykkekostnader ved bytte av trykkeri for årsskriftet. Budsjettet for 2024 vil omhandle trykking av årsskrift og gjennomføring av arrangement. Dei frammøtte godkjente rekneskapen og budsjettet utan merknader.

### Sak 5. Val

Valnemnda si innstilling til årsmøtet 2023 blei lagt fram av Odd Jarle Talberg. Årsmøtet godkjente valnemnda si samla innstilling, samt forslag om at leiar veljast for eitt år. Desse vart valt:

#### Styret:

*Ellen Lundgren*, ny for 2 år

*Marit Gjermundnes*, ikkje på val

*Tore Tomren*, ikkje på val

*Liv Signy G. Hellen*, attval for 2 år

*Jørn Inge Frostad*, attval for 2 år

Leiar: *Morten Øveraas*, attval for 1 år

#### Skriftstyret:

*Tordis Sivertsen*, attval for 1 år

*Jørn Inge Frostad*, attval for 2 år

*Åse Gjelstenli Vollan*, attval for 1 år

#### Fotograppa:

*Lars Sigmund Kleive*, attval for 1 år

*Edmund Melkild*, attval for 1 år

*Jostein Bø*, attval for 1 år

#### Revisorar:

*Jarle Løvik*, attval for 1 år

*Olav Egil Tomren*, attval for 1 år

**Valnemnd:**

*Odd Jarle Talberg*, attval for 1 år

*Torhill Sellereite*, attval for 1 år

**Sak 6. Fastsetting av kontingent for 2024**

Årsmøtet gjekk inn for styret sitt forslag om å halde fast på gjeldande medlemskontingent (kr. 280) og pris på årsskriftet (kr. 330) for dei som ikkje er medlemmar av sogelaget.

**Etter årsmøtet:**

Kaffipause

Musikk ved Gabriel Kjelsvik (Kulturskulen)

Foredrag ved Ola Gjendem om Mali Furunes

Vestnes, 22/3-24

Referent: Morten Øveraas